

Saksbehandlar: Eva Moberg, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 13/5591-11

## **Eigendelsmidlar - Reiseliv i industriens vogge**

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet godkjenner at fylkeskommunen sin del av finansieringa av prosjektet Reiseliv i industriens vogge vert henta frå ufordelte eigendelsmidlar i 2014.

Løyvinga til prosjektet vert gjort som del av tertialrapport 1/14.

#### Vedlegg:

Prosjektsøknad  
Tilskotsbrev frå Riksantikvaren

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Det er i budsjettet for 2014 sett av midlar som skal dekke fylkeskommunal eigendel til prosjekt som får nasjonale tilskot. Midlane har tidlegare år vore disponerte av hovudtal for plan og næring. Dei er no overført til FU/FT.

#### I budsjett 2014 vart det etablert slik prosedyre for fordeling av eigendelsmidlane:

- Søknader skal støtte opp om fylkestinget sin budsjettprofil
- Fordele midlar til aktuelle alt kjende søknader gjennom budsjettprosessen
- Resterande midlar vert fordelt gjennom tertialrapportprosessane. Aktuelle søknader skal då leggast fram for FU til godkjenning.
- Det kan også løyvast midlar til fleirårige prosjekt

Ufordelte midlar for 2014 er 0,650 mill. kr og ligg på funksjon 40055.

Prosjektet Reiseliv i industriens vogge er teke opp i Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram på kulturminneområdet. Prosjektet fekk i 2013 tildelt 0,170 mill. kr i eigendelsmidlar (HPN sak 81/13). Avhengig av kva prioriteringar regjeringa legg opp til, kan det vere aktuelt med vidareføring av prosjektet i 2015.

### **2. Vurdering av prosjektet Reiseliv i industriens vogge**

Riksantikvaren har etablert eit eige verdiskapingsprogram på kulturminneområdet, der fylkeskommunane er inviterte til å delta med aktuelle prosjekt. I 2014 har Sogn og Fjordane fått positiv tilbakemelding om deltaking i programmet med tre prosjekt, Kongevegen over Filefjell, Kystpilegrimsleia Stavanger – Nidaros og Reiseliv i industriens vogge. Prosjektsøknadane er vurderte i HK sak 03/14. Riksantikvaren gjev tilskot under føresetnad av at fylkeskommunane set av minst tilsvarende beløp.

Vidare har HPN-sak 71/13; Natur – og kulturarven som grunnlag for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping, har fylkeskommunen uttrykt ynskje å følgje opp m.a. stortingsmeldinga «Framtid med fotfeste», gjennom å ta ei leiroll i verdiskapingsarbeidet og legge til rette for god samordning av relevante verkemidlar regionalt.

Målsetjinga med prosjektet Reiseliv i industriens vogge er å etablere ei reiserute som bind saman industribaserte reiselivsattraksjonar i Sogn og Fjordane og Hordaland. I Sogn og Fjordane er det industristadane i Askvoll (Stongfjorden Vekst, Helle fabrikk), Høyanger ( Høyanger Næringsutvikling), Hyllestad (Norsk Kvernsteinscenter) og Bremanger (Bremanger kommune, Stiftinga Jensbua/ Visit Fjordkysten) som til no er med i prosjektet.

Det skal etablerast eit bedriftsnettverk som tek i vare fellesoppgåver for bedriftene langs denne reiseruta. Nettverket skal inngå i European Routes of Industrial Heritage - ERIH, eit etablert europeisk reiselivsnettverk for industribasert kulturarv. I dag er over 850 eksisterande og nedlagte industristadar i 32 land representerte. ERIH er eit kommersielt prosjekt, som har til hensikt å styrke og betre lønnsmda hos den enkelte reiselivsaktør langs ruta, og samtidig vere ein kanal der industriverksemdar som har eit relevant industrialisert handverk å formidle, kan oppnå auka sal.

Prosjektet Reiseliv i industriens vogge har i 2014 eit budsjett på 1,200 mill. kr og ein finansieringsplan der Riksantikvaren, Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er hovudbidragsytarar. I tillegg kjem midlar frå Innovasjon Norge (Arena program og midlar til kompetanseheving).

Sogn og Fjordane fylkeskommune er i 2014 utfordra på å finansiere 0,250 mill. kr.

Finansiell deltaking i Kongevegprosjektet og Kystpilegrimprosjektet er innarbeidd i vedteke budsjett. For deltaking i Reiseliv i industriens vogge trengst det eige løyvingvedtak, og fylkesrådmannen ser dette som eit relevant prosjekt inn mot eigendelspotten.

### **3. Konklusjon**

I prosjektet Reiseliv i industriens vogge er etablering av bedriftsnettverk og profilering av industristader i reiselivssamanheng dei berande elementa.

Prosjektet kan vise til god lokal og regional forankring, samarbeid på tvers av fag og sektorgrenser, etablert prosjektorganisering og ein framdriftsplan med realistiske mål.

Reiseliv i Industriens vogge viser på ein særleg god måte korleis det med utgangspunkt i formidling av industriarven kan leggjast til rette for styrking av lokalt næringsliv og utvikling av attraksjonar i reiselivssamanheng.

Fylkesrådmannen rår til at prosjektet vert godkjent for tildeling av eigendelsmidlar med 0,250 mill. kr for 2014.